

Søknad om støtte

Juristmållaget er eit yrkesmållag under Noregs mållag som jobbar for å styrka nynorsk som språk blant juristar og jusstudentar. Gjennom året vert det arrangert ulike samankomstar og seminar der god juridisk nynorsk står i sentrum. Vidare tilbyr Juristmållaget ei fadderordning for jusstudentar som ynskjer språkleg rettleiing frå ein erfaren nynorsk-jurist.

Laget har over tid hatt eit høgt aktivitetsnivå, og ynskjer å ha det framover òg. Ein føresetnad for å kunne ha eit høgt aktivitetsnivå er likevel tilstrekkeleg med midlar til å kunne dekkja kostnadane. Dei siste åra har Juristmållaget tæra på eigenkapitalen for å finansiera aktiviteten. Dette har vore eit riktig val som har gjort at me har trekt til særskild mange studentar, men det er ikkje berekraftig i lengda.

18.-20. september 2020 skal Juristmållaget arrangera eit skriveseminar på Haugastøl. Dette er årets hovudarrangement, og vart sist gong arrangert i januar 2019. Seminaret samlar juristar og jusstudentar med ei særskild interesse for kombinasjonen juss og godt språk. Arrangementet har tradisjonelt hatt i overkant av 20 deltakarar fordelt jamt mellom ferdig utdanna og studentar.

For Juristmållaget er det særskild prioritert å rekruttera studentar til å delta på seminaret, då me trur studiet er ei avgjerande tid for om ein tek med seg nynorsken inn i arbeidslivet. Sidan studentar har dårlegare økonomi enn dei som er i arbeid, og gjerne får det dekkja av arbeidsgjevar, ynskjer Juristmållaget å subsidiera studentane si deltaking for å gjera det enklare for denne gruppa å delta. Arrangementet har ein reell kostnad på om lag 2 200 kr pr. deltakar, medan Juristmållaget tenkjer å ta ei deltakaravgift for studentar på mellom 500 og 1 000 kr.

Programmet for årets skriveseminar er under utarbeiding, men det blir lagt opp til både språklege og juridiske tema. Vidare er det planlagt at gjennomgang av deltakarane sine eigne tekstar vert ein vesentleg del av arrangementet.

Juristmållaget har erfart at seminaret er viktig for å byggja eit uformelt nettverk mellom nynorskskrivande juristar for å gjera det enkelt å dela erfaringar og søkja råd. I Juristmållaget har me merka oss at talet nynorskskrivande jusstudentar ved UiT – Noregs arktiske universitet har vore lågt over tid. Me trur dette seminaret vil kunne vera eit godt supplement til arbeidet som allereie vert gjort på fakultet og kan bidra til språkleg stimuli til studentar som ynskjer å skriva juss på nynorsk.

	Utgifter	Inntekter
Deltakaravgift		39 500*
Ekstern støtte		35 000
		74 500
Overnatting, mat og konferanse	55 000	
Innleiarhonorar	10 000	
Reise og opphald innleiarar	10 000	
	75 000	

Resultat	-500

* Basert på 13 studentar og 12 ferdig utdanna.

For å sikra oss mot at situasjonen med COVID-19 har styret sikra Juristmållaget rett til å avbestilla konferansen utan kostnadar inntil seks veker før arrangementet er planlagt. Slik kan arrangementet gjennomførast seinare om naudsynt.

Juristmållaget har lagt opp til å subsidiera deltakaravgifta for studentar og ynskjer å søkja Juridisk fakultet ved UiT – Noregs arktiske universitet om å eit bidrag på 10 000 kr til å dekkja kostnadane med arrangementet.

Bergen, 23.04.2020

Sigbjørn Råsberg
Leiar